



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 25.08.2016  
Vår ref.: 2016/7227-5  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til høyring av reguleringsendring, Eikanger næringsområde plan-id 1263-201114 - Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 08.07.2016 om mindre endring av reguleringsplan for Eikanger næringsområde, gnr. 212, brn. 6 m.fl. Lindås kommune. Hovudføremålet er å endre føresegna slik at arealkrevande handel kan etablere seg i området. I kommuneplan er området sett av til næring.

Hordaland fylkeskommune vurderer endringa av reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

### **Vurdering**

Samordna areal og transport skal sikre Hordaland eit effektivt og funksjonelt utbyggingsmønster. Vi minner om Regional areal og transportplan for Bergensområdet som låg på høyring i 2015. Planen gjev retningslinjer for eit utbyggingsmønster som legg til rette for vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer, knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport, og med omsyn til langsiktig grønstruktur, jordvern, samt gode nærmiljøkvalitetar.

Endringa som ligg føre legg opp til at det kan etablerast arealkrevjande handel innafør planområdet. Hordaland fylkeskommune er positiv til at kommunen har fokus på at denne verksemda skal lokalisert utanfor senterområda i Knarvik.

Hordaland fylkeskommune minner om at det ved utbygging av næringsareal er viktig at arbeidsplassintensive verksemder som hovudregel bør integrerast i bystrukturen og knytast til senterområda. Planen opnar opp for at det kan etablerast kontorarbeidsplassar utan avgrensing for kor mykje kontorarbeidsplassar som kan etablerast. Hordaland fylkeskommune ber om at utnyttingsgraden for kontorarbeidsplassar vert halde på eit nivå som ikkje opnar opp for storstilt utbygging av kontorarbeidsplassar. Det kan tillatast naudsynt innslag av kontorarbeidsplassar knytt til kjerneverksemda, men det bør vert gjeve føresegner som avgrensar kor mykje kontorarbeidsplassar som kan etablerast i området.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune ber om at det vert gjeve føresegner som avgrensar kor mykje kontorarbeidsplassar som kan etablerast i området. Vi har ellers ingen vesentlege merknader til endringa av reguleringsplanen.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga